



NVE

Grunngjeving for vedtak

Uttak av grunnvatn - Reservevassforsyning til Leikanger vassverk

Sogndal kommune i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshaver

Sogndal kommune

Referanse

202412996-11

Dato

19.06.2026

Ansvarlig

Silje Aakre Solheim

Saksbehandler

Marianne Ask

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:
www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Innhald

NVE sin konklusjon	1
Søknad	2
Høyring og distriktsbehandling	6
NVE si vurdering	8
NVE sin konklusjon	13
Forholdet til anna lovverk	13
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressursloven	14
Vedlegg	15

Samandrag

Sogndal kommune er tiltakshavar og eig og drifrar Leikanger vassverk. Det er eit krav at vassverket må ha ei reservevassløyssing, og kommunen søkjer om eit uttak av grunnvatn på inntil 42 l/s. Brønnar er etablert i sand- og grusavsetningar i Riverdalen like ved Henjaelvi i Hermansverk. Når vassverket ikkje treng vatnet, er det i søknaden ein førespurnad om å nytta vatnet til smoltproduksjon ved Osland Genetics avd. Sygna.

Grunnvassbrønnane blei etablert då vassverket måtte flytte vassuttaket grunna Sognekraft si utbygging av Leikanger kraftverk. Sogndal kommune fekk då ein mellombels konsesjon av NVE til uttak av 35 l/s grunnvatn. Brønnar og leidning fram til vassverket er difor etablert og NVE skal berre behandle sjølve vassuttaket.

Henjaelvi er eit sterkt modifisert vassdrag med svært redusert vassføring grunna overføringar til Leikanger kraftverk samt uttak av elvevatn til settefisk. Etter utbygginga av Leikanger kraftverk, har vassføringa ved inntak til settefiskanlegget blitt redusert med om lag 60 % i høve til naturleg vassføring. I tørre periodar er svært lite vatn tilgjengeleg til å dekke Osland Genetics sine krav til minstevassføring i Henjaelvi på 160 l/s samt til å oppretthalde produksjon av settefisk og hald av stamfisk.

Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune er bekymra for om uttaket vil senke grunnvasspegelen og redusere vassføringa i elva, medan Leikanger jakt- og fiskelag påpeikar at alle tiltaka i elva må sjåast i samanheng, og åttvarar om at grensa for utnytting av Henjaelvi er nådd.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

NVE er einig med høyringspartane og meiner at uttak av 42 l/s grunnvatn over lengre tid i tørre periodar med stor sannsynlegheit vil medføre senka grunnvassnivå, redusert vassføring i Henjaelvi og saltintrenging i grunnvassreservoaret. Eit kontinuerleg uttak i tørre periodar vil truleg medføre ytterlegare negative følger for fisk, ferskvassorganismar og planter i og ved elva.

NVE vurderer at det ikkje er nok tilgjengeleg vatn i Henjaelvi i tørre periodar til at eit kontinuerleg uttak av 42 l/s grunnvatn til smoltproduksjon kan godkjennast. Når det gjeld uttak av vatn til



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

reservevatn, er uttaket avgrensa i omfang og tid og vi vurderer at grunnvassmagasinet og vassdraget kan tole dette.

NVE sin konklusjon

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Vår vurdering av eit kontinuerleg uttak av grunnvatn ved Henjaelvi til Osland Genetics er at ulempene er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt og vi gir ikkje løyve til dette.

Når det gjeld vurderinga av om vasskjelda kan fungere som reservevasskjelde, er dette eit vassuttak som vil vere avgrensa. Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Sogndal kommune løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn ved Henjaelvi dersom hovudvasskjelda til Leikanger vassverk vert sett ut av normal drift. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Sogndal kommune, datert 12.07.2024:

«Søknad om konsesjon for uttak av grunnvatn til reservevatn for Leikanger vassverk, Sogndal kommune

Sogndal kommune ønskjer å etablere uttak av grunnvatn i Riverdalen ved Sygna i Sogndal kommune, i Vestland fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

Etter vassressurslova, jf. § 45, om løyve til:

- å ta ut inntil 42 l/s grunnvatn som reservevassskjelde for Leikanger vassverk. I periodar Sogndal kommune ikkje har behov for vatnet skal det nyttast til smoltproduksjon hjå Osland Genetics AS avd. Sygna»

Hovuddata for uttak av grunnvatn ved Henjaelvi i Hermansverk

Nedbørfeltet til Henjaelvi er redusert frå 64,9 km² til 26,05 km² på grunn av utbygd vasskraftanlegg der elvene Friksdøla, Reiseta, Myrdalselvi og Traståna blir overført til Leikanger kraftverk. Leikanger kraft har pålegg om slepp av minstevassføring til Henjaelvi. Osland Genetics har løyve til å ta ut inntil 333 l/s elvevatn i Henjadalen nedstraums overføringa, og er pålagt ei minstevassføring på 160 l/s. Det er antatt at infiltrert nedbør og indusert elvevatn frå Henjaelvi utgjør om lag 50 % kvar av nydanninga til grunnvassførekomsten. Uttak av 42 l/s vil utgjere 26 % av minstevassføringa i Henjaelvi. Leikanger vassverk si hovudvassskjelde er oppstraums Leikanger kraftverk si overføring og påverkar ikkje vassføringa i Henjaelvi nedstraums.

TILSIG HENJAEVI

Nedbørfelt	km ²	26,05
Spesifikk avrenning	l/(s · km ²)	39,2
Middelvassføring	l/s	1031 (+ minstevassføring Leikanger kraftverk)
Alminneleg lågvassføring	l/s	52,6 (+ minstevassføring Leikanger kraftverk)
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	109 (+ minstevassføring Leikanger kraftverk)
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	36,5 (+ minstevassføring Leikanger kraftverk)
Årsnedbør 61-90 (P _N)	mm	1842
Nedbør sommar	mm	449
Nedbør vinter	mm	871

EKSISTERANDE UTTAK OG PÅLAGT MINSTEVASSFØRING HENJAEVI


Leikanger Vassverk (oppstraums overføring)	l/s	gjennomsnittleg 16
Minstevassføring Leikanger kraft 01/05-31/05	l/s	274
Minstevassføring Leikanger kraft 01/06-15/08	l/s	754
Minstevassføring Leikanger kraft 16/08-30/09	l/s	254
Minstevassføring Leikanger kraft 01/10-30/04	l/s	132
Osland Genetics maksimale vassuttak i elva	l/s	333

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Osland Genetics pålagde minstevassføring	l/s	160
--	-----	-----

OMSØKT GRUNNVASSUTTAK

Inntak	moh.	10
Gjennomsnittleg uttak	l/s	35
Maksimalt vassuttak	l/s	42
Antall brønner	stk.	5
Maksimal kapasitet pr. brønn	l/s	Bh5-7: 5 l/s, Bh8: 12 l/s, Bh9: 15 l/s



Figur 1 Oversikt over nedslagsfeltet som drenerer til brønnane. Osland Genetics sitt elveinntak er merka. Figur henta frå søknad.

Om søkjar

Sogndal kommune er tiltakshavar og eig og driftar Leikanger vassverk. Tiltaksområdet ligg i Riverdalen ved Henjaelvi i Hermansverk, og ligg tett opp mot bustader og andre sentrumsbygg. Brønnane ligg på gnr. 217, bnr. 197 og eigar er Sogndal kommune.

Leikanger vassverk si hovudvasskjelde og råvassinntak er i dag i Henjaelvi oppstraums Leikanger kraftverk si overføring i Traståna. Grunnvassbrønnane blei etablert då vassverket måtte flytte vassuttaket grunna Sognekraft si utbygging av Leikanger kraftverk. Dagens situasjon er at dei mellombelse brønnane som vart nytta under anleggsperioden står ubrukte, og Leikanger vassverk har ingen reservevasskjelde. Sogndal kommune har hatt ein mellombels konsesjon for bruk av dei omsøkte brønnane, og Osland Genetics har behov for ekstra vassforsyning. Ved å omgjere konsesjonen til å verta permanent vil ein både løysa Sogndal kommune sitt reservevassforsyningsbehov samt Osland Genetics sitt permanente behov. I periodar der begge har behov for vatn, skal kommunen sitt behov for drikkevatt prioriterast.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Skildring av området og grunnvassførekomsten

Tiltaksområdet er prega av kulturlandskap og bustadområde i eit ope landskap mellom elvedalen Henjadalen og den bratte Njøsadalen. Grunnvassførekomsten består av deltaavsetningar av sand og grus med god vassgjevarevne, og tiltakshavar opplyser om tjuknad på opp mot 50 m basert på tilgjengeleg bore- og georadardata. Magasinet har størst mektigheit mot fjorden og avtek i tjuknad nordover langs elva.

Eksisterande vassuttak og pålagt slepp av minstevassføring

Det er i dag fleire uttak frå Henjaelvi:

- **Leikanger kraftverk:** Det største vassuttaket er overføring av vatn frå elvene Friksdøla, Reiseta, Myrdalselvi og Traståna til Leikanger kraftverk. Desse er sideelver til Henjaelvi og årsaka til at nedbørfeltet til Henjaelvi er redusert frå 64,9 km² til 26,05 km². Leikanger kraftverk har konsesjon via kongeleg resolusjon av 17.06.2016 og er pålagt slepp av minstevassføring i Henjaelvi (NVE saksdokument 200704974-222). Vatnet skal fordelast på elvene i forhold til tilgjengeleg vassmengd i elvene:

Minstevassføring Henjaelvi 01/05-31/05	274 l/s
Minstevassføring Henjaelvi 01/06-15/08	754 l/s
Minstevassføring Henjaelvi 16/08-30/09	254 l/s
Minstevassføring Henjaelvi 01/10-30/04	132 l/s

- **Leikanger vassverk:** Vassverket hadde før 2018 råvassinntak i Henjaelvi ved kote 168. I samband med Sognekraft si utbygging av Leikanger kraftverk blei inntaket til vassverket lagt om og etablert på kote 611 i elva Traståna i samband med kraftverksinntaket. Råvassinntaket er i dag oppstraums kraftverket si overføring og påverkar difor ikkje vassføringa i elva. Vassverket tek gjennomsnittleg ut 16 l/s og har ikkje konsesjon til eksisterande uttak.
- **Osland Genetics** har løyve til uttak av råvatn til smoltproduksjon frå Henjaelvi ved kote 90. Konsesjonen vart gjeven 19.07.2010 (NVE saksnummer 201000450). Osland Genetics har løyve til å ta ut inntil 333 l/s om det nok tilgjengeleg vatn, og er pålagt å sleppe 160 l/s i minstevassføring i Henjaelvi.

Teknisk plan

Brønnar og vassveg


Det er etablert ni brønnar ved tiltaksområdet. Brønn Bh1 og Bh2 ligg på austsida av Henjaelvi og tilhøyrer Osland Genetics, men blir ikkje nytta i dag. Sogndal kommune sine brønnar ligg på vestsida og er nummererte Bh5, Bh6, Bh7, Bh8, og Bh9. I periodar då kommunen har behov for vatn skal vatnet førast langs ein 1600 m lang røyrleidning langs vestsida av Henjaelvi, via eit pumpehus på kote 50 til pumpestasjon på kote 135. Røyrleidninga er i dag grave ned tre stader, men ligg elles i dagen. NVE rådar Sogndal kommune å grave ned vassleidninga på heile strekninga. Frå pumpestasjonen vil vatnet førast til eksisterande vassbehandlingsanlegg og høgdebasseng på kote 147 før det vert fordelt ut på forbrukarane. I periodane då kommunen ikkje treng vatnet skal det



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

førast i ein vassleidning over elva til Osland Genetics sitt anlegg. Osland Genetics avd. Sygna vil på eit seinare tidspunkt sende inn ein separat søknad om konsesjon for brønnar etablert på deira eigedom.



Figur 2 Kartet viser plassering av kommunen sine brønner (Bh5-Bh9) nordvest for elva, og Osland Genetics sine brønner (Bh1 og Bh2) i vest ved settefiskanlegget.

Veg, massetak og deponi

Det vil ikkje vere behov for nye vegar, massetak eller deponi.

Forholdet til offentlege planer

Kommuneplan

Området der brønnane ligg er avsett til turdrag og næringsverksemd i gjeldande kommuneplan for Sogndal (2016-2026).

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.

Nasjonale laksevasdrag

Henjaelvi er anadrom ved omsøkt vassuttak, men vassdraget er ikkje eit nasjonalt laksevasdrag.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentlig postjournal og/eller NVE sine nettsider [Konsesjonssak - NVE](#).

NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Statsforvaltaren i Vestland uttalar i brev av **07.11.2025** at det er både laks og aure i Henjaelvi, og at vassføringa truleg er ein avgrensande faktor for fiskeproduksjon i elva då strekninga frå sjøen og forbi planlagt uttak er tilnærma eit jamt stryk utan større hølar. Dei peikar på at vassføringa allereie er sterkt redusert på grunn av kraftutbygging, og i tillegg blir det teke ut vatn til smoltanlegget. Mykje av den naturlege vassføringsdynamikken i elva er borte, og i lange periodar er det berre minstevassføringa til smoltanlegget på 160 l/s, som renn i elva. Dette svarar om lag til alminneleg lågvassføring. Statsforvaltaren meiner vidare at eit grunnvassuttak på 42 l/s som utgjer 26 % av fastsett minstevassføring ikkje er tilstrekkeleg fagleg vurdert, og at uttaket av grunnvatn kan medføre at vassføringa i elva blir redusert ytterlegare ved at elvevatnet infiltrerer ned i grunnen. Ein ytterlegare reduksjon i dynamikken i elva vil forverre levetilhøva for fisk og andre vassdragstilknytte artar, og vil etter deira syn kome i konflikt med naturmangfaldlova § 10 som omhandlar økosystemtilnærming og samla belastning. Statsforvaltaren konkluderer med at dei rår frå å gje løyve til kontinuerleg uttak av vatn til smoltproduksjon, men meiner at bruk av vasskjelda som reservevasskjelde kan akseptast.

Vestland fylkeskommune uttala i brev av **19.11.2025**:

«Etter vassforskrifta er Henjaelvi vurdert å vere eit sterkt modifisert vassdrag pga. endra habitat som følge av morfologiske endringar, inkludert overføringar. Innan desse rammene er det vurdert at godt potensiale er nådd. I tillegg er øvre del av nedbørfeltet utnytta til produksjon i Leikanger kraftverk som har utløp til fjorden ved Suppam, lengre ute i fjorden. Nedstraums dette tek kommunen ut drikkevatt og Osland genetics ut vatn til settefiskproduksjon. Dette gjer at vassføringa i Henjaelvi er vesentleg redusert i høve til tidlegare. Dersom det skal utnyttast vatn frå grunnvassbrønnar er det viktig at dette ikkje fører til ytterlegare redusert vassføring i Henjaelvi. Dette vil kunne redusere tilhøva for fisk og ferskvassorganismar, og redusere miljøtilstanden etter vassforskrifta.»

Leikanger jakt og fiskelag gav uttale i brev av **19.11.2025** og skriv blant anna at «*Dei siste tiåra har Henjaelvi vore gjennom omfattande inngrep og bandleggingar. For ferskvassfisket var det nye drikkevassanlegget heimst i dalen sær negativt då restriksjonar bandla tre km av den lettast tilgjengelege elvestrekninga. At nedste og sjønære del av elva no skal til rette leggjast som beredskapskjelde for drikkevatt, er i vårt perspektiv ikkje eit tiltak som er utan effekt for allmenne interesser, slik det er hevda i søknaden.*» Dei oppsummerer uttala si med å seie : «*Henjaelvi er eit sentralt landskapselement for Leikangerbygda. Elva er no utbygd og utnytta for fleire føremål. Det no omsøkte tiltak vil berre tilleggspåverke den sjønære delen av elva. LjF meiner tiltaket ikkje kan vurderast isolert, men sjåast saman med alt ferdigstilte tiltak under eitt. Utbyggjarane må samla samarbeide om plan og tiltak som viser korleis restverdiane i elv og elvedal kan tilretteleggast også*



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

som natur og ressurs. Det må setjast tiltakskrav som sikrar at elva for ettertida ikkje berre viser kor brutalt eit vassdrag framleis i 2025 kan utnyttast til særinteresser.»

Norges geologiske undersøkelse uttalar i e-post **24.11.2025:**

«NGU har ingen faglige innsigelser til søknaden om grunnvannsutttaket. Vi ber om at både undersøkelsesbrønner og produksjonsbrønner innrapporteres til NGU jf. vannressursloven § 46 og tilhørende forskrift om oppgaveplikt ved brønnboring og grunnvannsundersøkelser. Også selve grunnvannsundersøkelsen skal rapporteres til NGU. Vi kan ikke se at overvåkingsbrønner, produksjonsbrønner og selve undersøkelsesrapporten har blitt registrert in den nasjonale grunnvannsdatabasen, GRANADA. Vi ber om at konsesjonen betinges av denne lovpålagte registreringen.»

Tilleggsopplysningar

Osland Genetics svarer på dei innkomne høyringsinnspela **23.01.2026:**

«Kommentar til Statsforvalteren i Vestland

Henjaelva ligger nederst i et felt med mye vannførende løsmasser (sand og grus). Det er forventet at uttaket av grunnvann fra brønner både fører til infiltrasjon av elvevann og oppsamling av det grunnvannet som er på vei mot elva.

I en evt. konsesjon, forventer vi at konsesjonen gjelder opptil det omsøkte uttaket, eller til det som grunnvannsmagasinet tåler. Det vil derfor ikke bli tillatt at vannuttaket fører til en permanent senking av grunnvannsnivået over tid. Sesongmessige variasjoner må forventes. Det vises f.eks til rapporten Forvaltningsretta forskning på grunnvann som var en del av forskingsprogrammet Miljøbasert vannføring som forklarer disse mekanismene.

Uttak av grunnvann nær en elv kan påvirke vannføringen i elva i korte perioder. Til mindre vann det er i elva, til mer av det utpumpede vannet vil komme fra grunnvann. Klimaet i Sogn er så fuktig at det vil mate inn igjen i grunnvannsmagasinet. Typiske perioder med minst tilsig fra grunnvann til elva er på ettervinteren, men tørre og evt. kalde perioder i resten av året kan også føre til lav grunnvannstand. De viktigste nydanningsperiodene for grunnvann er under snøsmeltingen og på høsten.

Vi mener at ferskvannsøkologiske forhold og elvedynamikk vil bli ivaretatt ved kravene til minstevannføring som er satt. Detaljplan som er en del av kravet til en konsesjon, vil detaljere hvordan det skal dokumenteres at kravene til minstevannføring blir ivaretatt og dokumentert. Osland Genetics har allerede lagt grunnlag for hvordan vannføring og vannstand korrelerer. Dette er informasjon som vil bli benyttet i en overvåkingsplan.

Kommentar til Leikanger jakt og fiskelag

Innspillet går på vannføring i elven. Som svaret til Statsforvaltaren klargjør, er det i første rekke grunnvann som skal benyttes. Ved høyvannføring vil andelen grunnvann være større enn andelen elveinfiltrert vann. De periodene med størst potensielt uttak av elvevann er i perioder med mye vann i elva og det medfører at elva som landskapselement blir mindre påvirket. Ved lav vannføring i elva vil det forholdsmessig bli mindre infiltrasjon fra elva.

Kommentar på betydningen vannuttaket har for Osland Genetics

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Osland Genetics har i dag vannuttak fra Henjaelvi, men ettersom vi ligger nedstrøms for Leikanger kraftverk er det svært begrenset hvor mye vann vi kan ta ut. Det er også lite sannsynlig at kraftverket vil redusere sin produksjon og føre mer vann i elven, slik at vi kan hente ut mer.

I tørre perioder kan vi få problemer med for lite vann i settefiskanlegget. Slike perioder blir fort kritiske, og vi trenger helt klart bedre sikkerhet for fisken i anlegget ved å ha mer og jevnere tilgang på vann. Fremtidsplaner ved anlegget og videre utbygging er nært knyttet til sikkerhet for vann og bedre vannmarginer enn vi har i dag.

Drikkevann til Sogndal kommune er helt klart samfunnsnyttig og viktig i beredskapshensyn. I den sammenheng påpeker vi at settefiskanlegget med de arbeidsplassene og ringvirkningene det drar med seg, også er samfunnsnyttig. Når det er gjort faglig klart at man ikke løper uakseptabel natur- eller biologisk risiko ved å tillate Sogndal kommune å bruke av grunnvannet, bør det samme vannet også kunne brukes til settefiskanlegget.»

NVE si vurdering

Fem grunnvassbrønner er etablert på vestsida av Henjaelvi og NVE skal berre behandle sjølve vassuttaket.

Leikanger vassverk treng å få på plass ei reservevassløyssning. Hovudvasskjelda er overflatevatn frå eit inntak i Henjaelvi. I forbindelse med utbygginga av Leikanger kraftverk måtte vassverket sitt vassinntak flyttast, og ei mellombels vasskjelde frå grunnvassbrønner ved Henjaelvi i Hermansverk blei løysninga. Sogndal kommune og Leikanger vassverk ønskjer no løyve til å nytte desse grunnvassbrønnane som reservevasskjelde. Når Leikanger vassverk er i normal drift, ønskjer Sogndal kommune at omsøkt vassuttak på 42 l/s kan nyttast til smoltproduksjon ved Osland Genetics sitt anlegg i Hermansverk.

Hydrogeologi

Grunnvassbrønnane er etablert ved Henjaelvi 10 moh. ca. 300 m oppstrøms fjorden i Hermansverk. Nedbørfeltet er redusert frå 64,9 km² til 26,05 km² grunna overføring til Leikanger kraftverk som slepp ut vatnet ved Suppam. Kraftverket har krav i konsesjonen om å sleppe minstevassføring heile året. Frå inntaket i Henjaelvi skal det sleppast 254 l/s i perioden 1. mai - 31. mai, 754 l/s i perioden 1. juni - 15. august, 254 l/s i perioden 16. august - 30. september, og 127 l/s i perioden 1. oktober - 30. april. I tabellen under viser tiltakshavar til restvassføring i Henjaelvi basert på det reduserte nedbørfeltet, og det er lagt til den gjennomsnittlege minstevassføringa frå Leikanger kraftverk:

Tabell 1 Tiltakshavar viser restvassføring i Henjaelvi basert på redusert nedbørfelt og har lagt til gjennomsnittleg minstevassføring frå Leikanger kraftverk.

Namn på nærliggande vassdrag		Henjaelvi
Nedbørfelt	km ²	26,3
Middelvassføring	l/(s*km ²)	39,2 (+10,9)
Alminneleg lågvassføring	l/(s*km ²)	2 (+ min 4,9)
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/(s*km ²)	4,2 (+19)
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/(s*km ²)	1,4 (+4,9)

Nedstrøms Leikanger kraftverk si overføring, har Osland Genetics konsesjon til å ta ut 333 l/s via eit inntak i Henjaelvi. Dei er pålagd å sleppe ei minstevassføring på 160 l/s, som vil seie at dei ikkje

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

kan ta ut vatn frå elva dersom vassføringa er 160 l/s eller lågare nede ved anlegget. I tabellen under er vassføringa i Henjaelvi oppgjeve i l/s. Ut i frå tabellen kan ein sjå at ved alminneleg lågvassføring, og i dei tørraste periodane vinterstid, er det ikkje nok vatn i Henjaelvi til at Osland Genetics kan ta ut tilstrekkeleg med vatn og samstundes oppretthalde pålagt minstevassføring.

Tabell 2 Vassføringa i Henjaelvi etter overføring og uttak til settefisk oppgjeve i liter/sekund.

Vassføring i Henjaelvi			Vassføring i Henjaelvi pluss gjennomsnittlig slepp av minstevassføring frå Leikanger kraftverk	Restvassføring etter Osland Genetics vassuttak på 333 l/s. Pålagt minstevassføringer er 160 l/s
Nedbørfelt	km ²	26,05		
Spesifikk avrenning	l/(s*km ²)	39,2		
Middelvassføring	l/s	1021	1021 + 284 = 1305	1305 - 333 = 972
Alminneleg lågvassføring	l/s	52	52 + 127 = 179	179 - 160 = 19 l/s tilgjengeleg for uttak
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	109	109 + 495 = 604	604 - 333 = 271
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	36,5	36,5 + 127 = 163,5	163,5 - 160 = 3,5 l/s tilgjengeleg for uttak

Det blir opplyst i søknaden at grunnvassførekomsten ved tiltaksområdet matast jambyrdig av infiltrert nedbør og indusert elvevatn. Omsøkt uttak av grunnvatn er 42 l/s og tilsvarer 26 % av settefiskanlegget si pålagde minstevassføringa i Henjaelvi. Framlagte figurar som illustrerer straumlinjer under prøvepumping, viser tydeleg at grunnvasstraumen blir endra ved uttak over 7 l/s per brønn. Vi får vidare opplyst at grunnvassførekomsten er inntil 50 m djup nede ved fjorden, og at mektigheita minkar oppover i deltaet og er berre 9 m djup 30 m oppstraums brønn 6. Når vassførekomsten blir redusert i djupne, vil også tilsiget minke. Dette vil medføre at uttak av grunnvatn i øvre del av vassførekomsten lettare påverkar grunnvasstraumen og vil i større grad påverke vassføringa i Henjaelvi. Ved eit langvarig uttak av grunnvatn vinterstid når vassføringa i Henjaelvi er på sitt lågaste, er det stor sannsynlegheit for at uttaket av grunnvatn vil senke grunnvasstanden og medføre ytterlegare redusert vassføring i Henjaelvi.

Statsforvaltaren i Vestland påpeiker at vassføringa i Henjaelvi allereie er sterkt redusert og at mykje av den naturlege vassføringsdynamikken er borte. Sidan elvevatnet matar grunnvassførekomsten, fryktar Statsforvaltaren at uttak av grunnvatn vil medføre at vatnet blir trekt frå elva og ned i grunnen og reduserer vassføringa i elva ytterlegare. Dei peikar på at vedvarande uttak kan redusere ei viktig kjelde til vatn for fisk og vasstilknytte artar i tørre periodar, og rår i frå å gje løyve til ytterlegare uttak av vann til smoltproduksjon. Vestland fylkeskommune påpeiker også at vassføringa Henjaelvi allereie er vesentleg redusert grunna kraftproduksjon og vassuttak til settefisk og drikkevatt. Dei meiner det er viktig at vassføringa i Henjaelvi ikkje blir redusert ytterlegare, då dette vil kunne redusere tilhøva for fisk og ferskvassorganismar, samt redusere miljøtilstanden etter forskrifta. Leikanger jakt og fiskelag er oppteken av at alle tiltaka i Henjadalen og Henjaelvi må sjåast i samanheng, og meiner at grensa for utnytting av vassdraget no er nådd.

NVE ser at vassføringa i Henjaelvi er sterkt redusert grunna overføring av vatn til Leikanger kraftverk, samt uttak av vatn til smoltproduksjon. Ved låg vassføring, vil eit kontinuerleg vassuttak i grunnen medføre endra grunnvasstraum og høgare infiltrasjon frå elva og ned i grunnen. Dette vil vidare medføre at vassføringa i Henjaelvi blir redusert ytterlegare, og det er stor sannsynlegheit for at vassuttaket med tida vil medføre inntrenging av saltvatn. Eit kontinuerleg uttak vil etter NVE si



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

vurdering kome i konflikt med både vassressurslova § 45 som seier at uttak av grunnvatn skal haldast til grunnvassmagasinets tolegrense og naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Eit uttak til reservevassforsyning vil berre skje når hovudvasskjelda er ute av drift og sannsynlegvis i kortare periodar. NVE vurderer at dette vil vere akseptabelt med tanke på grunnvassmagasinet si tolegrense.

Naturmangfald

Naturtypar og artar

Søk i Naturbase og Artskart 15.05.2026 viser ingen registrerte naturtypar ved grunnvassbrønnane, men dei raudlista treslaga ask (EN) og alm (EN) er registrert langs med Henjaelvi. Det er registrert fleire raudlista fuglar i området som hettemåke (CR), fiskemåke (VU), tyvjo (VU), tjeld (NT) og tårnseiler (NT). NVE vurderer at dei raudlista treslaga og fugleartane ikkje vert påverka av tiltaket.

Henjaelvi har ei anadrom strekning på ca. 600 m (opp til inntaksdam for settefiskanlegget) med vandring av både laks (NT) og sjøaure (LC) forbi grunnvassbrønnane. I Lakseregisteret er Henjaelvi vurdert til å ikkje ha ein sjølvreproduserande bestand av laks, medan bestandstatus for sjøaure er vurdert til «moderat». NVE vurderer det som viktig å oppretthalde tilstrekkeleg vassføring får å sikre tilstrekkeleg vassdekt areal for å ivareta gyte og oppvekstforholda for sjøaure.

Både Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune er bekymra for om omsøkt vassuttak kan medføre grunnvassenking og lågare vassføring i tørre periodar, og redusere tilhøva for fisk og ferskvassorganismar i Henjaelvi ytterlegare.

NVE er einig med høyringspartar og meiner det ikkje vil vere nok tilgjengeleg vatn i Henjaelvi i dei tørraste periodane, og at eit kontinuerleg uttak av inntil 42 l/s vil endre grunnvasstraumen, senke grunnvasspegelen og dermed medføre at meir elvevatn infiltrerer ned i grunnen.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om grunnvassuttak ved Henjaelvi legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 15.05.2026. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til grunnvassuttaket finst det laks (NT), sjøaure og andre vasslevande organismar. Eit eventuelt nytt kontinuerleg vassuttak i grunnen i dei tørraste periodane vil med stor sannsynlegheit senke grunnvasspegelen og redusere vassføringa i Henjaelvi, og vil etter NVE si meining vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 og forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5. For eit vassuttak



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

berre brukt til reservevassforsyning meiner NVE at dette ikkje vil vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 og forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

NVE har også sett påverknaden frå uttaket av grunnvatn i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Overføringar til Leikanger kraftverk har allereie redusert vassføringa i Henjaelvi med 60 %, og i tillegg har Osland Genetics løyve frå 2010 til å ta ut inntil 333 l/s med vatn oppstraums i elva. Osland Genetics har krav om å sleppe forbi ei minstevassføring på 160 l/s. I denne søknaden ønskjer Osland Genetics å nytte reservevassuttaket til kommunen så lenge Leikanger vassverk er i normal drift, og behovet for det ekstra vatnet er i dei tørraste periodane når Osland Genetics må overhalde kravet til slepp av minstevassføring. Vassføringa i Henjaelvi er då allereie på sitt lågaste, og sidan grunnvassførekomsten får halve sitt tilsig frå elva, er det truleg å anta at meir elvevatn blir trekt ned i grunnen dersom NVE gir løyve til uttak. Høgare vassuttak enn tilsig vil medføre senka grunnvassnivå, som igjen vil trekke meir vatn frå elvebotnen og vassføringa i Henjaelvi blir redusert ytterlegare. Den auka samla belastninga, som følgje av eit kontinuerleg uttak av grunnvatn, på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til å vere så stor at den er avgjerande for naturmangfaldet knytt til Henjaelvi. Eit vassuttak berre til reservevassforsyning vil skje sjeldan og det vil vere avgrensa i tid. NVE vurderer at dette ikkje vil auke den samla belastninga i så stor grad at det er avgjerande for naturmangfald knytt til Henjaelvi.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner difor at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Friluftsliv og brukarinteresser

Henjaelvi renn lett tilgjengeleg for fiske for befolkninga i Hermansverk. Ytterlegare reduksjon i vassføringa kan gi negative verknader for fisk og ferskvassorganismar i elva. Området er elles regulert til park-/turveg, og tiltaket vil ikkje påverke bruken av området.

Vassforskrifta

Henjaelvi 077-85-R er i Vann-Nett registrert som en sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) med stor påverking av dammar og barrierar for flaumsikring og middels grad til påverking av vassuttak. Påverking pga. vassuttak er ikkje endra sidan 2012 og har ikkje tatt høgde for Leikanger kraftverk si overføring. Det er lite avrenning frå jordbruk og elva har godt økologisk potensial. Eit uttak berre til reservevassforsyning vil etter NVE si vurdering ikkje påverke sjansen for å oppretthalde/oppnå eit godt økologisk potensiale i vassførekomsten. Vassforskrifta § 12 kjem difor ikkje til bruk for denne delen av tiltaket. Når det gjeld eit kontinuerleg vassuttak til settefiskanlegget meiner vi at dette med stor sannsynlegheit vil senke grunnvasspegelen og vassføringa i elva, og vil kunne gjere det vanskelegare å oppretthalde/oppnå eit godt økologisk potensiale i vassførekomsten.

Kulturminne

Kulturminnesøk 15.05.2026 viser ingen registrerte minner ved tiltaksområdet.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Naturfare

Tiltaksområdet ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred. Området ligg også under marin grense og er derfor i potensiell risikosone for kvikkleire. Det er ikkje påvist uthaldande lag leire i boringane som er utført. Ein kan derfor rekna at kvikkleire ikkje er sannsynleg her. Brønnane ligg langs breidda av Henjaelvi og ligg innan aktsemdssona for flaum. På Vestlandet er ofte haustflaumane kraftigast då det kan komma store nedbørsmengder. Regulering av dei øvre delane av Henjaelvi vil redusere flaumtoppane noko i forhold til naturleg flaumtopp sidan vatn vert overført til kraftverket. I tillegg til flaum og erosjonsfare langs Henjaelvi, vil det vera risiko for jord- og flaumskred grunna lokale utglidingar oppstrøms brønnområdet. Brønnområdet bør sikrast for denne risikoen.

Vasskvalitet og vassforsyningsinteresser

Søknaden opplyser om utført prøvepumping i periodane november 2016 til februar 2017 med eit uttak på 12,5 l/s, og frå oktober 2017 til mai 2018 med eit samla uttak på 30-45 l/s. Brønn 1 og 2 gav forhøga leidningsevne etter 3,5 månadar prøvepumping. Desse brønnane ligg på austsida av Henjaelvi ved Osland Genetics sitt anlegg og ligg på høgde med kommunen sine grunnvassbrønner. I følge seklime.met.no er hausten 2016 og vinter 2017 registrert med om lag 30 % meir nedbør enn normalen. Hausten 2017 var også våt med 30 % meir nedbør enn gjennomsnittleg, medan det i januar 2018 var omtrent gjennomsnittleg. April 2018 var ein tørr månad. I søknaden er det ikkje opplyst om saltinntrenginga blei målt i første, andre eller begge periodane med prøvepumping. Når saltvatn blir pumpa ut frå brønnane 300 m oppstrøms fjorden, viser dette at infiltrert nedbør ikkje er høgt nok i forhold til vassuttaket, slik at det ikkje skal store kontinuerlege uttak av grunnvatn til før dette påverkar grunnvassførekomsten. NVE meiner at det er akseptabelt med eit uttak av grunnvatn i ein avgrensa periode dersom Leikanger vassverk blir sett ut av normal drift, men det er ikkje nok vatn i grunnvassmagasinet til eit uttak på 42 l/s over lengre tid. I lengre tørrperiodar vil det vere låg vassføring i elva og låg grunnvasstand, og vi vurderer at grunnvassmagasinet i desse periodane ikkje vil kunne levere omsøkt vassmengd til settefiskanlegget.

Samfunnsmessige fordelar

Leikanger vassverk har per i dag ikkje ei tilfredsstillande reservevasskjelde. Uttak av grunnvatn kan sikre kommunen i dei tilfelle der dagens vassverk ikkje kan levere tilfredsstillande mengde/kvalitet. Uttak av grunnvatn frå brønnane vil bruke eksisterande infrastruktur og vil ikkje beslaglegge nye områder.

Uttak av grunnvatn til Osland Genetics avd. Sygna vil sikre anlegget ei tryggare vassforsyning i tørre periodar.

Oppsummering

Det er eit krav at Leikanger vassverket må ha ei reservevassløysning, og kommunen søker om eit uttak av grunnvatn på inntil 42 l/s. Brønner er etablert i sand- og grusavsetningar like ved Henjaelvi i Hermansverk. Når vassverket ikkje treng vatnet, er det i søknaden ein førespurnad om å nytte vatnet til smoltproduksjon ved Osland Genetics avd. Sygna.

Henjaelvi er eit sterkt modifisert vassdrag med svært redusert vassføring grunna overføringar til Leikanger kraftverk, samt uttak av elvevatn til vassforsyning og til produksjon av settefisk. Etter



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

utbygginga av Leikanger kraftverk, har vassføringa ved inntak til settefiskanlegget blitt redusert med om lag 60 % i høve til naturleg vassføring. I tørre periodar er det svært lite vatn tilgjengeleg til å dekke Osland Genetics sine krav til minstevassføring i Henjaelvi på 160 l/s, samt til å oppretthalde produksjon av settefisk og hald av stamfisk.

Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune er bekymra for om uttaket vil senke grunnvasspegelen og redusere vassføringa i elva, medan Leikanger jakt og fiskelag påpeiker at alle tiltaka i elva må sjåast i samanheng og åtvarar om at grensa for utnytting av Henjaelvi er nådd.

NVE er einig med høyringspartane og meiner at omsøkt uttak av grunnvatn i tørre periodar vil kunne medføre senka grunnvassnivå, redusert vassføring i elva og saltintrenging i grunnvassreservoaret. Pumpetestar viser at grunnvasstraumen blir endra med vassuttak på 7 l/s, og to av brønnane fekk saltintrenging etter 3,5 månader med pumping. Det er søkt om løyve til uttak av grunnvatn til reservevassforsyning til Leikanger vassverk, og om løyve til å nytte grunnvatnet til smoltproduksjon ved Osland Genetics når Leikanger vassverk er i normal drift. Når NVE vurderer om vi kan gje løyve til eit kontinuerleg uttak på inntil 42 l/s til Osland Genetics, kan vi ikkje sjå at det er nok vatn tilgjengeleg i grunnvassmagasinet og Henjaelvi til eit ytterlegare uttak i tørre periodar. Det er i tørre periodar uttaket er naudsynt. Eit nytt uttaket i grunnen vil med stor sannsynlegheit senke grunnvasspegelen og redusere lågvassføringa ytterlegare.

Når det gjeld løyve til å nytta grunnvasskjelda som reservevassskjelde til Leikanger vassverk, har NVE vurdert at dette er avgrensa i omfang og tid, og vi meiner difor at dette er akseptabelt.

NVE føreset at Osland Genetics held seg innanfor den gjeldande konsesjonen frå 19.07.2010 med tilhøyrande vilkår og dei krava som følger av vassressurslova. Det er lite sannsynleg at NVE gir løyve til ytterlegare uttak frå Henjaelvi i framtida.

NVE sin konklusjon

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Vår vurdering av eit kontinuerleg uttak av grunnvatn ved Henjaelvi til Osland Genetics er at ulempene er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt og vi gir ikkje løyve til dette.

Når det gjeld vurdering av om vasskjelda kan fungere som reservevassskjelde, er dette eit vassuttak som vil vere avgrensa. Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Sogndal kommune løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av grunnvatn ved Henjaelvi dersom Leikanger vassverk vert sett ut av normal drift. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til forureiningslova

Tiltakshavar må søke til Statsforvaltaren om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndighet til å gje vilkår etter forureiningslova.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressursloven

Post 1: Uttak av grunnvatn

Konsesjonen gir løyve til eit uttak av grunnvatn på inntil **42 l/s**.

Det blir berre gitt løyve til å ta ut grunnvatn dersom Leikanger vassverk vert sett ut av normal drift.

Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av vassuttak, vassføring i Henjaelvi samt overvaking av grunnvassnivå og saltinnhald i vatnet. Vassverket må innføre restriksjonar på forbruk av vatn dersom vassføringa nærmar seg storleiken på minstevassføringa frå settefiskanlegget. Den tekniske løysinga for dokumentasjon skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal kunne leggst fram på førespurnad frå NVE, og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Post 4: Godkjenning av planar, hydrologiske undersøkelser og tilsyn m.m.

Konsesjonen omfattar berre uttak av grunnvatn. Måleanordningar for vassuttak, vassføring i Henjaelvi samt overvaking av grunnvassnivå og saltinnhald skal leggst fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Vi viser også til merknadane i vilkår post 7 nedanfor, om kulturminne.

Tabellen under prøver å summere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnadar:

UTTAK AV GRUNNVATN VED HENJAEVI	
Brønner	Fem brønner er etablert ca. 10 moh. ved Henjaelvi i Hermansverk. Teknisk løysning for dokumentasjon av vassuttak, vassføring i Henjaelvi samt overvaking av grunnvassnivå og saltinnhald i vatnet skal godkjennast av NVE.
Største vassuttak	42 l/s Det er berre lov å ta ut grunnvatn dersom Leikanger vassverk blir sett ut av normal drift.
Logging og overvaking	Logging av vassforbruk skal gjennomførast kontinuerleg når brønnane er i bruk. Plan for gjennomføring av målingane



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

	skal gå fram av detaljplan og godkjennast av NVE. Resultat frå målingar skal lagrast digitalt slik at dei er lett tilgjengelege på førespurnad frå NVE. Det skal utarbeidast ein plan for overvaking av grunnvassmagasinet i samband med uttaket. Planen skal innehalde forslag til korleis magasinet skal overvakast, omfatte ei risikovurdering og ein beredskapsplan med tiltak som skal settast i verk dersom grunnvassnivået går under eit definert nivå/har ei negativ utvikling over ei viss tid, eller ved andre hendingar som ikkje er i tråd med gjeldande konsesjon. Planen skal gi føringar for kor tid (på kva nivå) det blir sett i verk tiltak og den skal beskrive korleis ein reduksjon eller stopp av uttak skal gjennomførast. Planen skal sendast til NVE og godkjennast gjennom detaljplanlegginga.
Sikring mot naturfare	Brønnane må sikrast tilstrekkeleg mot naturfare, herunder flaum og skred, i tråd med krava i TEK-17

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Post 7: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminnelova § 8 (jf. post 3 i vilkåra).


Vedlegg

Kart



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



-  Grunnvasspumper
-  Vassbehandlingsanlegg
-  Overføringspumpe
-  Pumpemagasin

Leikanger Vassverk

Provisorisk overføringsledning
grunnvassbrønn - vassbehandlingsanlegg